

## **VEDTEKTER FOR MUEA I SOGN OG FJORDANE STI**

(vedtekne på skipingsmøte 14.01.09, endra 23.02.2011, 23.03.2011, 19.04.2016, 20.06.2017, 18.02.2020, 24. 08.2020, 27.02.2023  
14. juni 2024, 13.juni 2025

### § 1.

#### Namn og forretningskontor

Stiftinga sitt namn er Musea i Sogn og Fjordane STI.

Stiftinga er ei alminneleg stifting og har forretningskontor i Gloppen kommune.

### § 2.

#### Bakgrunn

Musea i Sogn og Fjordane STI er oppretta for å drive eit konsolidert museum med bakgrunn i konsolideringsavtale for fem museum, og museum som måtte komme til.

### § 3

#### Skriftspråk

Skriftspråket i stiftinga er nynorsk.

### § 4

#### Føremål

Stiftinga sitt føremål er å drive museum. Stiftinga skal drive innsamling, bevaring, dokumentasjon, forsking og formidling.

Stiftinga skal kunne drive anna kulturell verksemd.

Museet skal vidareføre og utvikle drifta i verksemda og handle i samsvar med ICOM (International Council of Museums) sitt museumsetiske regelverk.

Museet kan drive verksemd med naturleg tilknyting til hovudverksemda som er med på å realisere stiftinga sitt ideelle og kulturelle føremål.

### § 5.

#### Grunnkapital

Stiftinga sin grunnkapital er kr 4 456 483.

### § 6

#### Organisasjon og drift i stiftinga:

Stiftinga er organisert med eit råd samansett av stiftarane, kommunar, regionråd og ein kunstorganisasjon. Styret i stiftinga vert valde av Vestland fylkeskommune, rådet og dei tilsette.

Dagleg leiar vert tilsett av styret og leier verksemda gjennom stab og fagavdelingar. Musea i Sogn og Fjordane STI er arbeidsgjevar for dei tilsette.

#### § 7.

##### Styret

Styret er stiftinga sitt øvste organ.

Styret skal ha 7 medlemmer som vert valde slik:

- a) Vestland fylkeskommune vel styreleiar og ein styremedlem med nummererte varamedlemmer; nr. 2, 4 og 6. Desse skal peikast ut innan 1. mars i valåret
- b) Rådet vel tre styremedlemmer med tre nummererte varamedlemmer; nr. 1, 3 og 5. Av dei faste styremedlemmene vel rådet ein nestleiar.
- c) To styremedlemmer med to nummererte varamedlemmer vert valde av dei tilsette.
- d) Nyval av styremedlemmer gjeld frå 1. mai i valåret.

Styremedlemmene vert valde for to år. Styremedlem som har sete samanhengande i 8 år, kan ikkje veljast på nytt. Funksjonstid som varamedlem vert ikkje rekna med.

For tilsetterrepresentantane gjeld reglane vedtekne i 2013 om val av tilsetterrepresentantar og deltaking i styre med funksjonstid på 2 år. Tilsetterrepresentantar kan sitje samanhengande i inntil to periodar, til saman fire år. Funksjonstid som varamedlem vert ikkje rekna med.

Styret skal ha balansert kjønnssamansetning. Det vert vist til stiftelseslova sine §§ 27a (1) og 27 a (2) nr. 3. Dette vert presisert i bestilling til valnemnda

Styret er vedtaksført når minst fire styremedlemmer eller varamedlemmer som møter for styremedlemmer er til stades, og blant desse leiar eller nestleiar.

Ved stemmelikskap er møteleiar si stemme avgjerande.

Styret vert innkalla så ofte leiaren finn det naudsynt eller det vert kravd frå minst tre medlemmer.

#### § 8.

##### Styret sine oppgåver

Styret leier stiftinga si verksemd i samsvar med vedtekter, lover, regelverk og avtalar elles.

Styret ser òg til at verksemda vert driven i samsvar med dei retningsliner som er gjevne i tilsegnsbreva frå offentlege styresmakter.

Vedtektsendringar vert vedtekne av styret. Endringar må godkjennast av det organ som til ein kvar tid tek vare på denne funksjonen etter stiftingslova sine reglar (Stiftingstilsynet).

Styret vel revisor.

Styret tilset dagleg leiar.

Styret kan tildele prokura.

## § 9

### Dagleg leiar

Dagleg leiar står for den daglege leiinga av verksemda og skal følgje dei retningslinjer og pålegg styret har gitt. Dagleg leiing omfattar ikkje saker av uvanleg art eller stor betydning.

Tilsetjing av personell høyrer til under dagleg leiar.

Dagleg leiar møter i styret med tale og forslagsrett. Dagleg leiar er sekretær for styret.

## § 10

### Rådet

Stiftinga skal ha eit råd. Rådet sine oppgåver og mynde går fram av vedtektenes § 11. Rådet sine medlemmer vert valde av Vestland fylkeskommune (821311632), Sognrådet (974 814 439), Region Fjordane (921060157). Vidare verkskommunane for avdelingane: Kinn (820956532), Sunnfjord (921244207), Gloppen (964969124), Sogndal (922121893), Hyllestad (964967547), Stiftinga De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum (993318264), Sunnfjord Sogelag (990249547), og Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane (975701751)

Kvar av dei som er nemnde ovanfor vel ein medlem til rådet, slik at det totalt skal vere 11 rådsmedlemmer. Valet gjeld for 4 år.

Rådet skal årleg ha minst eitt møte innan 1. mai.

Innkalling skal vere skriftleg med minst to vekers varsel til rådsmedlemmene. Kopi av innkalling med vedlegg skal også sendast til dei organ som har valt medlemmer til rådet.

Med innkallinga skal det ligge føre sakliste, årsmelding, rekneskap og driftsbudsjett for inneverande år.

Medlem som er oppnemnd av Vestland fylkeskommune har vervet som ordførar i rådet.

Møte i rådet kan elles haldast når dette vert kravd av rådet sin ordførar eller 1/3 av medlemmene. Slik møte skal kallast inn skriftleg med minst to vekers varsel.

Rådet kan berre handsame dei sakene som er nemnde i innkallinga.

Rådet er vedtaksført når minst halvdelen av medlemmene er til stades.

Vedtaket vert gjort med vanleg fleirtal. Ved stemmelikskap er ordføraren si stemme avgjerande.

Alle rådsmedlemmer kan sende krav om reisegodtgjersle. Rådsmedlemanes rett til møtegodtgjersle gjeld så lenge dette ikkje vert dekt på annan måte. Slik godtgjersle følgjer dei gjeldande satsane for styret. Godtgjersle blir godkjend av dagleg leiar.

## § 11

### Rådet sine oppgåver

Rådet kan gje uttale til styret si årsmelding, rekneskap og revisjonsrapport for siste rekneskapsår.

Rådet kan gje uttale til saker som styret legg fram, t.d. langtidsplanar, årsplanar, budsjett, m.m.

Rådet skal velje tre styremedlemmer med nummererte varamedlemmer.

Rådet skal velje medlemmer til valkomiteen.

Rådet fastset godtgjersle til styret.

Oppløysing av stiftinga kan berre skje etter vedtak i rådet.

## § 12

### Valkomité

Rådet vel ein valkomité på 3 medlemmer. Vala gjeld for 3 år.

Kwart år går den som har fungert lengst ut av komiteen..

Valkomiteen vel sjølv leiar.

Valkomiteen si oppgåve er å førebu dei vala som skal utførast av rådet. Valkomiteen skal grunngi innstillinga si i tråd med krava i denne paragrafen.

Valkomiteen bør arbeide for at det samla styret får ei balansert og god samansetjing med omsyn til kompetanse, geografi, kjønn og alder.

## § 13

### Finansforvaltning

Stiftinga si finansforvaltning skal vere forsiktig

Stiftinga kan ikkje ta opp lån utan løyve frå Vestland fylkeskommune og Kulturdepartementet.

## § 14

### Opplysing

Avgjerd om oppløysing av stiftinga skal vedtakast av rådet etter forslag frå styret og skal godkjennast av Kulturdepartementet og Vestland fylkeskommune.

## § 15

Elles gjeld føresegnene i «lov av 15. juni 2006 nr. 59 om stiftelser» (stiftelsesloven).